Umogeleg å unngå reduksjonar snart

31.10.2011

Skulesatsinga i Uskedalen står etter alt å dømma fast. Her er førsteklassingane i dette skuleåret - 17 i talet (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei store økonomiske utfordringane Kvinnherad kommune står overfor vil snart få så stort omfang, at situasjonen omgåande må gjerast kjent for heile samfunnet. Det kjem fram i ei saksførebuing til møtet i det nye formannskapet torsdag.
Å unngå reduksjon i tenestetilbodet om eit år eller to, fortonar seg stadig meir som umogleg, skriv kommunalsjef Kjell O. Nygård.
Satsinga på skulen i Uskedalen er eitt av dei aktuelle prosjekta, som fleirtallskoalisjonen lovar skal gjennomførast etter planen. Det har Kjell Yri (V) slått fast overfor uskedalen.no

–Situasjonen tilseier at det bør setjast i verk tiltak alt no, skriv Nygård til det nye formannskapet.
Torsdag vil dei mest sentrale utfordringane framover bli diskutert.
Slik *HusnesNett* tolkar Nygård vil "den forhatte" eigedomsskatten måtta bli diskutert på nytt.
Men det har den nye fleirtalskoalisjonen alt sagt nei til.

–Sjølv om vi effektiviserer og rasjonaliserer aldri så mykje, vil kommunen få behov for å innføra nye skattar, og einaste alternativet er då å innføra ny eigedomsskatt på hus og hytter og auka satsane frå to til sju promille, skriv kommunalsjefen.

Men samtidig ser Nygård den store faren som ligg i at ein ekstraskatt på opp mo t10.000 kroner frå kvar huseigar, vil føra til at kommunen

kan sjå langt etter ny auke i folketalet.
Og folketalsauke har Kvinnherad kommune så absolutt bruk for

Her er nokre av prosjekta:
•Rosendal ungdomsskule
•Utviding av Rosendalstunet
•Kulturskulebygg på Husnes
•Ny skule i Uskedalen
•Ny Undarheim skule
•Lågterskeltilbod, rusavhengige (Husnes)
•Ny idrettshall (Husnes)
•Opprusting av Husnes Idrettspark
•Utviding av Torgplassen (Husnes)
•Opprusting av Opsangervegen
•Brannstasjon i Rosendal
•Opprusting av kaiområdet (Rosendal)
•Nasjonalparksenter/Folgefonnsenter (Rosendal)
•Utviding av Omstun (Rosendal)
•Ombyggjing av kompetansesenteret (Herøysund)

–Driftskonsekvensane av alt dette vil bli så store,
at det er nødvendig åinnføra nye skattar, skriv Nygård
Kommunalsjefen skriv òg at dersom kommunen skal makta å
skaffa nødvendige inntekter for å oppretthalda og vidareutvikla
eit godt tenestetilbod, må folketalet aukast.
Og skal ein få dette til må det setjast i gang tiltak som fører til
at Kvinnherad kan halda fram, som "unntaket som bekreftar regelen"
om at distriktskommunar går ned i folketal.

–Med framtidig fall i kommunen sine inntekter og ytterlegare
reduksjon i talet på arbeidsplassar, kan dette koma til å bli ei
større oppgåve enn det kommunen maktar, skriv Nygård.
Kutt i driftsutgiftene og reduksjon i den høge lånegjelda,
er tiltak som må til for at kommunen raskt skal kunna gå med overskot.
Nygård viser til at lånegjelda i 2014
vil nærma seg 1300 millionar kroner.

Av Kristian Hus, HusnesNett